

# Bjerkreim Senterparti

## kommuneprogram 2023 – 2027

### BJERKREIM SKAL BESTÅ SOM EIGEN KOMMUNE

#### Vekse opp og bu i Bjerkreim

##### Barnehage

- Nok vaksne i barnehagen
- Plass til barnet når du treng det
- Leggja til rette for spennande uteområde for lek

##### Skule

- Nok personale for eit trygt og godt skulemiljø
- Meir praktisk undervisning i skuleløpet og leikbasert læring i småskulen
- Pusse opp begge skulane i ein plan for vedlikehald

##### Bulyst

- Arbeida for å få tannlege til Bjerkreim
- Alltid ha tilgjengelege hustomter på Bjerkreim og Vikeså, med sentrumsutvikling begge plasser
- Vidareutvikle gode møteplassar på: stadion – ny tribune, skulane – Bjerkreimsverden/Bjerkreimsbadet og folkehelsehuset – organisert gaming og kursing
- Bruke folkehelsemidlar for å gi alle like moglegheita for deltaking i kulturskule, idrettstilbud m.m
- Vidareutvikle Bjerkreimsnytt til større format med smånytt frå kommune og næringsliv.
- Stimulera til bruk av aktivitetskalenderen Friskus, med tanke på inkludering og styrking av lag og foreiningar



## Helse og omsorg

- Nok personal i institusjon, heimehjelp, psykisk helse og miljøtjenesten
- Bustadveiledning for eldre
- Demensvenleg bygd
- Vidareføra arbeidet med nytt omsorgssenter – skape innhald og ein god møteplass i bygda.
- Bustader i sentrum

## Utvikling i Bjerkreim

### Næring

- Tilgjengelege næringsareal, og rask saksbehandling
- Bjerkreim skal vera ein god plass å produsera mat, med eit sterkt landbrukskontor og berekraftig arealforvaltning
- Bruke næringsutviklar TEAL sin kompetanse til å forsterke satsinga på næringsliv og nyetablerarar i Bjerkreim
- Bygga vidare på omdømmet gjennom Destinasjon Bjerkreim for turistar, arbeidsmarknad og kanal for å nå nye innbyggjarar

### Turisme og kultur

Arbeide vidare med turistfyrtårna:

- Gloppedalsura  
Vidareføre arbeidet med å gjera ura til reisemål med krigshistorie, gangbruer, lyssetting og liknande
- Stavtjørn området  
Være positiv til vidareutvikling av lysløypetraseer og andre attraksjonar i området.
- Bjerkreimselva  
Bidra til overnatting i hytter, bubilar, gapahukar m. m
- Ørsdalsvatnet  
Styrke tilgjengelegheita i samarbeid med Ørsdølen og grunneigarar



## Samferdsel

Me ynskjer fortgang i bygging av ny E39, av omsyn til grunneigarar, trafikksikkerheit, næringsliv og miljø

- E39 kryss på Vikeså for å få styrka næringsgrunnlaget i sentrum, og unngå press på andre områder i kommunen.
- Ekspressbuss inn i busskort ordninga Bjerkreim-Ålgård
- Videreføre «Heim for en 50-lapp»

## Beredskap

- Mobilnett og breiband til alle
- Auke politikontaktens tid i kommunen
- Oppretthalde Akutt teamet
- Vurdera behovet for hjartestartar spreidd i bygda
- Lokal brannberedskap

## Klima og energi

- Bjerkreim Senterparti er delt i synet på meir vindkraft i kommunen og ynskjer ein sakleg debatt
- Me ynskjer å sjå på moglegheita for å auke vannkraftproduksjonen i Bjerkreimsvassdraget, for å førebygge flaum og ta ut energi
- Me vil støtte utbygging av solenergi, jordvarme og biogass
- Me ynskjer ein plan for «gardsvindmøller»

## Skatter og tjenester

- Fjerne eigedomsskatten på primærbolig
- Holde oppe tenestetilbodet innanfor barnevern, psykisk helse, fastlege og fysioterapi